



Frå skulekorpskonsert i Rosendal nyleg.

Før jula i 2013 lanserte Uskedal skulemusikk den populære adventskalendaren sin. Idèen vart henta frå korpsevenner på Fitjar. Etter det har den vore eit fast innslag i førjulstida, og den har blitt ei av dei viktigaste inntektskjeldene til skulekorpset. No er årets kalender, den 6. i rekkja, klar for salg, og i samband med det har skulemusikken sendt ut denne pressemeldinga:

No er Uskedal Skulemusikk sin adventskalender ferdig laga, og musikantane vil koma rundt i bygda og selja desse. Ein kan og kjøpa kalendaren hos Gros blomster. Det er og mulig å ta kontakt med Hege Lekva (98807713) så sender ho ein musikanter på døra di om ingen har vore til deg med kalender.

Vi har fått mange flotte premiar, og vil takka alle som har støtta skulemusikken i år. Vi er imponert og takksame over alt det flotte som vi har fått. Tusen takk til Kvinnherad Vekstbedrift som har trykt kalendaren, og til Auto 88 for utdeling av premiar! Skulemusikken set stor pris på denne støtta!

Ein kan vinna på kalendaren kvar dag i desember. Den koster kr 100, og salsperioden er frå 6.-30.november. Det er mulig å betale både kontant og med vips. Trekninga kvar dag blir annonsert på Uskedalen.no, og ein vinn på kalendernummeret.

Tekst: Uskedal skulemusikk
Arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland